


**Mindre og meir effektivt samarbeidsutval**

**29.01.2008**



Vidar Haugland har forslag om eit mindre samarbeidsutval som kan fungera betre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Fylkesmannen har no fått ein søknad frå verksemdsleiar Vidar Haugland ved Uskedalen Oppvekstsenter om ein reduksjon av talet på medlemmer i samarbeidsutvalet. Det blir søkt om ein reduksjon frå 13 til ni.**

Haugland seier til uskedalen.no at målsettinga er å gjera utvalet så lite og konsentrert at det kan fungera betre enn det har gjort til no.

Han skriv i søknaden at ein bør få eit felles utval som ikkje er større enn at det kan fungera effektivt i det daglege og som samstundes kan fungera som miljøutval når det er aktuelt.

Både FAU, personalet i skulen og elevrådet har slutta seg til forslaget frå Haugland. Hvis det går igjennom, blir utvalet slik:

Ein frå foreldra i barnehagen, ein frå dei tilsette i barnehagen, ein frå foreldra i skulen, ein frå dei tilsette i skulen, to elevar, ein kommunal representant (politikar), styraren i barnehagen og verksemdsleiaren.

Styraren i barnehagen skal ha møte- og talerett, men ikkje røysterett. Verksemdsleiaren skal vera skrivar, men ikkje ha røysterett.

Haugland meiner at dette utvalet også vil stetta krava til miljøutval.

Av Ola Matti Mathisen